

Årsmelding Syril friidrett

Ny bane årets høgdepunkt

Friidrettsgruppa hadde i 2021 ein sesong med litt over middels aktivitet – at aktiviteten ikkje var høggre skuldast primært at Syril stadion det meste av våren og sommaren ikkje var klar for normal bruk, og i august og det meste av september ikkje var tilgjengeleg pga. ferdigstilling av toppdekke.

Ny stadion

Nye Syril stadion står no klar til bruk. Bana er 333,33 m. rundt om ein spring i indre bane, og har høgdefelt, to hoppgroper og to kastringar. Syril stadion har gått frå 1970- til 2020-standard på to år! Vi er takksame for at Syril har organisert eit slikt løft for friidretten i bygda. Vi håpar og trur på eit kraftig løft for friidretten på Leikanger frå 2022. Ein føresetnad er at foreldre engasjerer seg som trenarar, hjelparar og etter kvart tek skolering som dommarar og funksjonærar på stemne.

Trening

Innetreninga i Saften frå februar til mars gjekk fint og samla 10 – 12 aktive i alderen 10 – 18 år. Vi trente mest på basis- og drilløvingar, løp, hopp og kast – kanskje særleg på høgde og kule. Samla hadde vi 7 treningar inne i Saften. Korona-restriksjonane har vore merkbare, men har ikkje ført til nemnande utfordringar og har vore handtert godt i det daglege treningsarbeidet.

I april - juni veksla vi mellom 1) trening med løping i Henjadalen og kast- og hoppptrening på stadion og 2) trening på Kvåle i Sogndal. Totalt hadde vi 12 treningar ute på våren og forsommaren. I august – september fekk vi etter kvart sleppe til på ein ny Syril stadion kombinert med løping innover Henjadalen, og hadde nokre treningar på tartanen før haustmørke og regn avslutta sesongen for oss. I alt blei det 7 treningar denne delen av sommaren. Til saman notert vi 14 aktive på desse treningane.

Trenarar for Syril friidrett har vore Stine Mundal Aase, Torgeir Urdahl og Jørn Gåsvær. Stine og Jørn deltok på nettbasert kurs i barne- og ungdomsfriidrett våren 2021.

Konkurransar

Blant dei yngste hadde vi om lag 50 startar fordelte på følgjande stemne:

- Friidrettsturné Sogndal - mai
- Vikja-stemnet - mai
- Sparebankleikane, Byrkjelo - juni
- KM, Førde - august
- Friidrettsturné, Gaupne - september

Omrekna til poeng var dei beste prestasjonane desse:

- Åsne Gjengedal: 1,30 m. i høgde J14 (790 p.)
- Emil Steinsøy Kvam: 3,60 m. i lengde G11 (810 p.)

Men det var kniving om topplassane, og Emilie Sørum (lengde J14), Nikolai Aase Haugen (lengde G11), Anders Gjerland (lengde G12) og Tarjei Fykse Lomås (lengde G10) fulgte like bak; alle med poengsummar på 700-talet!

Jørn Gåsvær deltok på eitt treningsstemne og på NM for veteranar i klasse M60-64. Han fekk sølv i slegge på NM med ny personleg rekord, og bronse i kule og vektkast. Jørn sine beste resultat:

- | | | | |
|--------------------|---------|-----------------------|----------|
| • Kule 5,0 kg | 9,29 m | Førde, NM veteran | 26.06.21 |
| • Diskos 1,0 kg | 28,58 m | Førde, NM veteran | 26.06.21 |
| • Slegge 5,0 kg | 35,82 m | Førde, NM veteran | 25.06.21 |
| • VektKast 9,08 kg | 13,90 m | Gloppen, Loggane Open | 18.04.21 |

Økonomi

Syril friidrett har tradisjonelt hatt ei inntekt frå loddosal til Kjeringi Open. Denne har uteblitt dei siste to åra. No ser det ut til at KO blir arrangert i 2022, så her får vi moglegheita til nokre kroner på konto.

I 2021 fekk vi bevilga 5000,- til utvikling av barne- og ungdomsidrett frå Sogn og Fjordane idrettsfond. Dette er tenkt brukt til kompetanseheving og klubb utvikling i perioden mars -mai 2022.

Elles må vi vurdere kva inntektsbringande tiltak vi treng i ein situasjon der vi forhåpentlegvis får vesentleg større aktivitet i gruppa, fleire aktive som reiser på stemne og dei kostnadane dette fører med seg. Vi er i dialog med potensielle sponsorar som kan gje oss eit løft økonomisk.

For Syril friidrett

Jørn Gåsvær

gruppeleiar